- b. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unytta driftsramme på investeringsprosjekt i 2025 og tilsvarande auke i 2026.
- c. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott fra ansvar 900 til kommunen sine einingar når lønsoppgjeret er kjent.
- d. Kommunedirektøren får fullmakt til å avgjere om stillingar som vert ledige skal lysast ut, stå vakent eller eventuelt gjerast om.
- e. Formannskapet får fullmakt til å selje og kjøpe eigedomar i tråd med det vedteke budsjettet

Komiteen ser det som svært viktig at endring av skulestruktur vert grundig utgreidd og lagt på høyring.

Seie opp noverande leigeavtale på Biblioteket når den går ut i juli -29. Innsparing på ca kr 200 000.

28.11.2025 Ungdomsrådet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

AUR- 026/25 Vedtak:

Ungdomsrådet har fylgjande uttale til budsjett 2026:

Ung i Askvoll-midlar: Dei ynskjer å behalde kr. 15 000 til ungdomsretta arbeid. Det er eit spesifikt prosjekt dei ser føre seg å nytte midlane til.

"Avslåtte gatelys" i 2026: Det vert veldig mørkt i kommunesentrum og bygdesentrum om alle lys vert slått av. Det bør vere lys på ettermiddag/kveld og tidleg morgon i vinterhalvåret. Kan slå av lysa i sommarhalvåret og på natta. Det vil opplevast utrygt å ferdast når det ikkje er lys i sentrum.

Basseng: Støttar forslag om å redusere opningstid på basseng. Ynskjer å ha basseng i årstid når det ikkje er så kaldt ute. Dette vil gjerne redusere kostnader på oppvarming òg.

Bulandet skule bør ha SFO tilbod. Dette er viktig for arbeidsplassar og kvardagen til innbyggjarane.

01.12.2025 Arbeidsmiljøutvalet / Nærværsutval

Handsaming:

AMU- 025/25 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til vitande

08.12.2025 Administrasjonsutvalet

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg , foreslått av , .

Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026., økonomi- og handlingsplan 2026-2029 i samsvar med framlegg i Framsikt.

1. Driftsbudsjettet for 2026 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-4 Løyvingsoversikt drift - første ledd og §5-4 Løyvingsoversikt drift - andre ledd
2. Investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-5 Løyvingsoversikt investering - første ledd og §5-5 Løyvingsoversikt investering - andre ledd
3. Økonomiplan drift for 2026-2029 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-4 Løyvingsoversikt drift - første ledd og §5-4 Løyvingsoversikt drift - andre ledd.
4. Økonomiplan investering 2026 - 2029 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-5 Løyvingsoversikt investering - første ledd og §5-5 Løyvingsoversikt investering - andre ledd
5. Betalingssatsar og avgifter for Askvoll kommune for 2026 blir vedteken i samsvar med gebyrlista i Framsikt
6. Eigedomsskatt
 - a. For år 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen (esktl. § 2 og § 3 a)
 - b. Den allmenne skattesatsen blir sett til 7 promille, og for bustader og fritidsbustader blir skattesatsen sett til 4 promille (esktl. § 11 fyste ledd).
 - c. Ved utskriving av skatt på bustadeigedomar nyttar Askvoll kommune Skatteetatens formuesgrunnlag der desse ligg føre (esktl §8 C-1).
 - d. Det vert vedteke ei kontorjustering med 10% auke for eigedomar med kommunal takst for skatteåret 2026.
 - e. Det vert fastsett 6 terminar for betaling av eigedomsskattesatsen etter esktl. §25. Avtalar med samla kommunale avgifter mindre enn 1200 kr, vert fakturert i ein termin for heile skatte- og avgiftsåret.
 - f. Fritak for eigedomar vert gjeve for fylgjande:
 - i. Eigedomar åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten (esktl. § 7a). Sjå vedlagde liste i Framsikt.
 - ii. Eigedomar/bygningar som er formelt freda (esktl. §7b). Sjå vedlagde liste i framsikt.
 - iii. Esktl. §7c) – Nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta som bustad vert fritaken for eigedomsskatt i 1 år.
Fritak for å betale eigedomsskatt etter esktl. §7 c) gjeld berre til kommunestyret sjølv endrar eller opphev fritaka.
7. Låneopptak
 - a. Askvoll kommunestyre godkjenner låneopptak lik kr. 27 590 000,- til finansiering av investeringsprosjekt i 2025 j.f kommunelova §14-15 første ledd. Avdragstida blir tilpassa bestemmelsane i kommunelova §14-18.
8. Fullmakter
 - a. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansieringa av investeringar innafor vedteken ramme.
 - b. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unytta driftsramme på investeringsprosjekt i 2025 og tilsvarande auke i 2026.
 - c. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott fra ansvar 900 til kommunen sine einingar når lønsoppgjeret er kjent.

- d. Kommunedirektøren får fullmakt til å avgjere om stillingar som vert ledige skal lysast ut, stå vakent eller eventuelt gjerast om.
- e. Formannskapet får fullmakt til å selje og kjøpe eigedomar i tråd med det vedteke budsjettet

Følgjande endringar i driftsdelen av økonomiplanen:

	2026	2027	2028	2029
Reduksjon i bassengdrift	-200	-200	-200	-200
Flytting av tenestetilbod (i tillegg til framlegg)	-300			
Reduksjon i reinhald	-200	-200	-200	-200
Reduksjon i løn og godtgjersle (i tillegg til framlegg)			-500	-1000
Slukke gatelys	-200			
Flytte skulestruktur til 2027/28	1300	1700	0	0
Sum tiltak (bruk og avsetning til disp.fond)	400	1300	-900	-1400

Følgjande endringar i investeringsdelen av økonomiplanen:

	2026	2027	2028	2029
Investeringar til soknet		-2000	-2000	-2000
Asfaltering	-1500	1500		
Kjøkken/garderobe sjukeheimen		-9000	9000	
Sum tiltak	-1500	-9500	7000	-2000
Investering VA:				
Høgdebasseng Askvoll		-2700	-7500	

Saka vert tatt til vitande , foreslått av Kjell Kristian Carlsen, SP

Formannskapet sitt framlegg vert tatt til vitande

Det vart røysta overf framlegg om å ta saka til vitande

Røysting - samrøystes

ADMK- 013/25 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg vert tatt til vitande

09.12.2025 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterte om budsjettet før handsaming av saka.

Innspel frå rådet: Rådet er bekymra for alle forslag til kutt som rammer sårbare og eldre innan helse og omsorg. Vi ser at kommunen står foran store utfordringar og omfattande kutt, spesielt i helse- og omsorg og oppvekst. Desse vekker uro blant innbyggjarane. Vi håpar at vi kan fortsette å ha ein trygg og stabil framtid i Askvoll kommune.

FELFUN- 035/25 Vedtak:

Rådet tar budsjett og økonomiplan til orientering.

10.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsframlegg 1 i høve budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 frå Anja G. Johnsen , foreslått av Anja Grov Johnsen, H

Endringsframlegg i høve budsjett og økonomiplan

Neste år 2026	Kva	Kr. Å spare/bruke 2026
1. vi setter alle investeringar som ikkje er lovpålagt på vent. • Meir låneopptak vil gje større renteutgifter.	*Tilstandsanalyse * Kunstgrasdekke *Nytt sportsdekke i hallen * Askvollhallen ventilasjon * Svømmehall ventilasjon *Utfasing lysrør *Asfaltering *Barnehage i Askvoll sentrum *Askvoll sokn *Nytt kjøkken garderoberaskvollheimen * Askvoll skule rehab. Garderober * Grøntområde	36 000 139 000 103 000 119 000 103 000 423 000 100 000 (tilstandsanalyse bærande konstruksjon bør gjerast) 278 000 355 000 497 000 770 000 12 000
Sum vi sparer om vi ikkje tek investeringane i 2026		2 935 000

Andre innsparingar:

Budsjettavtala på stortinget gjev Askvoll i 2026	2 200 000	1 400 000	1 400 000	1,4mil
Reduksjon i ikkje lovpålagte stillingar/rådhuset.	300 000	300 000	300 000	0,3mil
Redusere aktivtørstilling frå 100% til 20%	552 000	552 000	552 000	0,5mil
Kutt i rustenesta	200 000	460 000	460 000	0,46mil
Sum innsparing 2026	3 807 000			
1. Flytte skulestruktur heilt ut av økonomiplanen. Vi tek denne diskusjonen når Atløysambandet er realisert.	1 300 000	1 700 000	3000000	3,0 mil
2. Heimetenester i B/V	1 900 000	1 900 000	1900000	1,9mil
3. Vaskeriet (prøve å få tli ei ordning i lag med nav)	200 000			
Veglys kveld/natt.	200 000	200000	200 000	0,2mil
4. Ingen reduksjon av kreftkoordinator	90 000	180 000	180 000	0,18 mil
5. ungdomsrådet	15 000	15 000	15 000	15 000
Sum utgifter som skal inn att:	3 505 000			

Anna:

Dei kommunale avgiftene skal ned, vi ligg på topp i landet.

1. Avslutte avtale med privat elektrikarfirma som i dag drifter Bulandet vassverk til ein pris på 3 millionar i året. Dette går på sjølvkost, så innbyggjarane må betale. Heilt urimeleg! Kommunen sitt personale må ta dette sjølv.
2. Vi må ha fleire inntektskjelder for å ivareta tenestene våre. Bør vi vurdere vindkraft på sjø eller land. Fjaler har ei inntekt på 7,5 millionar for dei som står på Lutelandet. Skjemmande naturinngrep, men naudsynt for ein trong kommuneøkonomi. ?
3. Atomkraftverk?
4. Oppstart av gruvedrift i Grimelid? Det vert hevda at her er grunnlag til gruvedrift, er det det? Kan dette utredast.
5. Hamneavgift ved kaiane våre. (inntekter her kan ikkje gå til drift, kunn til opprusting av kaiane=

Endringsframlegg 2 - Betaling SFO Framlegg frå Askvoll AP , foreslått av Astri Thorsen Landøy, AP

For å kunne behalde SFO ved alle skulane i kommunen må foreldrebetalinga for SFO aukast. Barnefamiliane har fått store lettelsar i det siste, mellom anna kostar det no berre 685 kroner for ein full barnehageplass her i Bulandet.

Det er framleis råd å få "kvantumsrabatt" når ein har mange ungar og det er også mogeleg å søkje om rabatt for dei som slit økonomisk. Difor meiner eg at det er rom for å auke betalinga noko:

For 1. - 3. Klasse full plass skuledagane: frå 1170 kroner pr mnd til 1770 kr pr mnd

For 4. Klasse full plass skuledagane + onsdag frå 2582 kr pr mnd til 3185 kr pr mnd

SFO onsdag: 1 - 4. Klasse frå 1053 kr pr mnd til 1653 kr pr mnd.. .

Endringsframlegg 3 - Behalde kreftkoordinator sykepleiar i 40% stilling som i dag , foreslått av Jostein Kåre Grane, V

Behalde kreftkoordinator sykepleiar i 40% stilling som i dag (ikkje redusere den til 20% som foreslege)

For å dekke inn dette, vil vi redusere i stillinga Fagutviklings Sykepleiar. Dette er ei 60% stilling, og kan kuttast til 40% framfor å kutte i ei stilling som omhandlar liv, helse og omsorg.

Kreftkoordinatoren er svært viktig for mange i kommunen, og er eit lågterskeptilbod for krefttramma, pårørande og etterlatte.

Pr. dags dato er koordinatoren einaste sykepleiar med vidareutdanning innan kreftomsorg i kommunen.

Endringsframlegg 4 - frå Askvoll Høgre , foreslått av Ruben Fedøy, H

Driftsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Endring i leiarstruktur i barnehagane	-300	-200	-200	-200
Kreftkoordinator	90			
SFO, auka foreldrebetaling onsdagar				
Auka ramme frå staten	-2200	-1400	-1400	-1400
Ruskoordinator	-200	-460	-460	-460
Heimeteneste B/V	1900	1900	1900	1900
Reduksjon i investeringar	-100	-460	-1100	-730
Skulestruktur		1300	1700	
Sum endring	-810	680	440	-890

Investeringsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Barnehage -2mill	-118	-118	-118	
Tak på Askvoll kyrkje	-118	-236	-355	
Kjøkken Askvollheimen			-497	

IKT-elevar ny læreplan	-100	-120	-140	-160
Ventilasjon Askvollhallen			-119	
Asfaltering		-100		-100
SUM	-100	-456	-1110	-733

Tilleggsframlegg 5 /presisering til Anja G. Johnsen sitt framlegg , foreslått av Anja Grov Johnsen, H

Tilleggsframlegg til mitt framlegg til budsjettsaka.

Presisering av kvar kutt skal takast.

Kutt i administrasjonen i folkehelsekoordinator 20%

HR 20%

Endringsframlegg 6 frå Askvoll SV , foreslått av Gaute Losnegård, SV

- behalde kreftkoordinator i 40 % stilling. Greie ut interkommunalt samarbeid om stillinga. 90 000 (26-27-28-29)

- ikkje endre skulestruktur 1,3 mill. (27), 3 mill. (28), 1,7 mill. (29)

auka inntekter frå staten: 2,2 mill. (26), 1,4 mill. (27), 1,4 mill. (28), 1,4 mill. (29)

Tilleggsframlegg 7/presisering til Anja G. Johnsen sitt framlegg , foreslått av Anja Grov Johnsen, H

Det førre utgår, då dette har med same tekst.

Tilleggsframlegg til Anja G. Johnsen sitt framlegg til budsjett-saka.

Presisering av kvar kutt skal takast i administrasjonen.

Kutt i administrasjonen i folkehelsekoordinator 20%

HR 20%

Effekt av å stoppe investeringane vil ikkje gje effekt før i 2027 i følgje kommunedirektøren.

Vel då føreslå å ta ned legevikar med 757 000kr og Redusere 60% avdelingsleiar på omsorgssenteret. 605 000 kr.

Endringsframlegg 8 i høve budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 frå Anja G. Johnsen , foreslått av Anja Grov Johnsen, H

Tilleggsframlegg til Anja G. Johnsen sitt framlegg til budsjettsaka.

Presisering av kvar kutt skal takast i administrasjonen.

Kutt i administrasjonen i folkehelsekoordinator 20%

HR 20%

Effekt av å stoppe investeringane får ikkje effekt før i 2027.

Vel då føreslå å ta ned nattevakt 1 300 000kr

Framlegg 9 frå Sp , foreslått av Kjell Kristian Carlsen, SP

Vi ynskjer å gå for Formannskapet sitt framlegg. I tillegg vil vi bruke friske midlar frå statsbudsjettet til å behalde 40 % kreftkoordinator , og behalde heimetenesta i Værlandet og Bulandet.

Endringsframlegg 10 frå Høgre , foreslått av Ruben Fedøy, H

Driftsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Endring i leiarstruktur i barnehagane	-300	-200	-200	-200
Kreftkoordinator	90			
SFO, auka foreldrebetaling onsdagar				
Auka ramme frå staten	-2200	-1400	-1400	-1400
Ruskoordinator	-200	-460	-460	-460
Heimeteneste B/V	1900	1900	1900	1900
Reduksjon i investeringar	-100	-460	-1100	-730
Skulestruktur		1300	1700	
Sum endring	-810	680	440	-890

Investeringsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Barnehage -2mill	9000			
Tak på Askvoll kyrkje		-2000	-2000	-2000
Kjøkken Askvollheimen		-9000	9000	
IKT-elevar ny læreplan	400	380	360	340
Ventilasjon Askvollhallen		-1500	1500	
Asfaltering	-1500	1500	-1500	1500
SUM				

**Endringsframlegg 11 i høve budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 frå Anja G. Johnsen ,
foreslått av Anja Grov Johnsen, H**

Endringsframlegg i høve budsjett og økonomiplan

Neste år 2026	Kva	Kr. Å spare/bruke 2026
1. vi setter alle investeringar som ikkje er lovpålagt på vent. • Meir låneopptak vil gje større renteutgifter.	*Tilstandsanalyse * Kunstgrasdekke *Nytt sportsdekke i hallen * Askvollhallen ventilasjon * Svømmehall ventilasjon *Utfasing lysrør *Asfaltering *Barnehage i Askvoll sentrum *Askvoll sokn *Nytt kjøkken garderobe askvollheimen * Askvoll skule rehab. Garderobe * Grøntområde	36 000 139 000 103 000 119 000 103 000 423 000 100 000(tilstandsanalyse bærande konstruksjon bør gjerast) 278 000 355 000 497 000 770 000 12 000
Sum vi sparer om vi ikkje tek investeringane i 2026		2 935 000

	2026	2027	2028	2029
Tilstandsanalyse	-150	-150	-150	-150
kunstgrasbane				-3000
Nytt sportsdekke	-1300			
Askvoll hallen ventilasjon		-1500		
Utfasing lysrør	-2000	-2200	-550	
asfaltering	-1500		-1500	
barnehage	-11000			
Askvoll sokn	-	-2000	-2000	-2000
Nytt kjøkken/garderobe		-9000		
Askvoll skule rehab			-13000	
grøntområde	-100	-100	-100	-100
Årlig innsparing	16050	14950	17300	5250

	2026	2027	2028	2029
Reduksjon i ikkje lovpålagte stillingar/rådhuset.- folkehelsekoordinator 20% og HR 20%	0	-300	-300	-300
Redusere aktivitørstilling frå 100% til 20%	-207	-207	-207	-207
Kutt i rustenesta	-200	-460	-460	460
Budsjettforlik	-2200	-1400	-1400	-1400
Nattevakt	-1300	-1800	-1800	-1800
	-3907	-4167	-4167	-3247
Skulestruktur		1300	1700	3000
Veglys kveld/natt	200			
Kreftkoordinator	90	180	180	180
Ungdomsrådet	15	15	15	15
Vaskeriet	225	700	700	700
Heimetenester Bulandet/Værlandet	2000	2000	2000	2000
	2530	4195	4595	5895

1. Flytte skulestruktur heilt ut av økonomiplanen. Vi tek denne diskusjonen når Atløysambandet er realisert. **1 300 000** 1 700 000 3000000 3,0 mil
2. Heimetenester i B/V **1 900 000** 1 900 000 1900000 1,9mil
3. Vaskeriet (prøve å få tli ei ordning i lag med nav) **200 000**
Veglys kveld/natt. **200 000** 200000 200 000 0,2mil
4. Ingen reduksjon av kreftkoordinator **90 000** 180 000 180 000 0,18 mil
5. ungdomsrådet **15 000** 15 000 15 000 15 000

Sum utgifter som skal inn att: 3 505 000

Anna:

Dei kommunale avgiftene skal ned, vi ligg på topp i landet.

1. Avslutte avtale med privat elektrikarfirma som i dag drifter Bulandet vassverk til ein pris på 3 millionar i året. Dette går på sjølvkost, så innbyggjarane må betale. Heilt urimeleg! Kommunen sitt personale må ta dette sjølv.
2. Vi må ha fleire inntektskjelder for å ivareta tenestene våre. Bør vi vurdere vindkraft på sjø eller land. Fjaler har ei inntekt på 7,5 millionar for dei som står på Lutelandet. Skjemmande naturinngrep, men naudsynt for ein trong kommuneøkonomi. ?
3. Atomkraftverk?
4. Oppstart av gruvedrift i Grimelid? Det vert hevda at her er grunnlag til gruvedrift, er det det? Kan dette utredast.
5. Hamneavgift ved kaiane våre. (inntekter her kan ikkje gå til drift, kunn til opprusting av kaiane=

Endringsframlegg 12 frå Høgre , foreslått av Ruben Fedøy, H

Driftsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Endring i leiarstruktur i barnehagane	-300	-200	-200	-200
Kreftkoordinator	90	180	180	180
SFO, auka foreldrebetaling og SFO tilbod ved alle skular	*			

Auka ramme frå staten	-2200	-1400	-1400	-1400
Avdelingsleiar omsorgssenteret	-605	-605	-605	-605
Formannskapet / Ungdomsrådet	65	65	65	65
Politisk	-65	-65	-65	-65
Heimeteneste B/V	1900	1900	1900	1900
Skulestruktur			1300	1700

Investeringsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Barnehage	**			
Tak på Askvoll kyrkje		-2000	-2000	-2000
Kjøkken Askvollheimen		-9000	9000	
IKT-elevar ny læreplan	-100	-120	-140	-160
Ventilasjon Askvollhallen		-1500	1500	
Asfaltering	-1500	1500	-1500	1500

*Foreldrebetalinga for SFO aukast:

For 1. - 3. Klasse full plass skuledagane: frå 1170 kroner pr mnd til 1770 kr pr mnd

For 4. Klasse full plass skuledagane + onsdag frå 2582 kr pr mnd til 3185 kr pr mnd

SFO onsdag: 1 - 4. Klasse frå 1053 kr pr mnd til 1653 kr pr mnd

**Løyving til barnehage (Røverompa) er å sjå som ei øvste ramme. Kommunestyret har forventningar om at prosjektet må gjennomførast på enklaste og billigaste måte

Kommunedirektøren informerte om at det i framlegget er feil årstal under punkt 7 Låneopptak. Rett årstal er 2026. Dette vert retta i vedtaket

Åse Karin Helle Loftheim ber om gruppemøte. Pause i 30 minutt.

Ordføreren ber om gruppeleiar møte. Pause i 20 minutt.

Endringsframlegg som vert trekt:

Jostein Kåre Grane trekk endringsframlegg 3.

Kjell Kristian Carlsen trekk endringsframlegg 9

Gaute Losnegård trekk endringsframlegg 6

Astri Thorsen Landøy trekk endringsframlegg 2

Ruben Fedøy trekk endringsframlegg 4 og 10

Anja Grov Johnsen trekk endringsframlegg 1,5, 7 og 8

Røysting over endringsframlegg 11 sett opp mot 12:

Endringsframlegg 11: 1 røyst (Anja Grov Johnsen)

Endringsframlegg 12: 20 røyster

Formannskapet sitt vedtak, med endringar i endringsframlegg 12 vart vedteke.

KOM- 092/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026., økonomi- og handlingsplan 2026-2029 i samsvar med framlegg i Framsikt.

1. Driftsbudsjettet for 2026 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-4 Løyvingsoversikt drift - første ledd og §5-4 Løyvingsoversikt drift - andre ledd
2. Investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-5 Løyvingsoversikt investering - første ledd og §5-5 Løyvingsoversikt investering - andre ledd
3. Økonomiplan drift for 2026-2029 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-4 Løyvingsoversikt drift - første ledd og §5-4 Løyvingsoversikt drift - andre ledd.
4. Økonomiplan investering 2026 - 2029 blir vedteke i samsvar med budsjettskjema §5-5 Løyvingsoversikt investering - første ledd og §5-5 Løyvingsoversikt investering - andre ledd
5. Betalingssatsar og avgifter for Askvoll kommune for 2026 blir vedteken i samsvar med gebyrlista i Framsikt
6. Eigedomsskatt
 - a. For år 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen (esktl. § 2 og § 3 a)

- b. Den allmenne skattesatsen blir sett til 7 promille, og for bustader og fritidsbustader blir skattesatsen sett til 4 promille (esktl. § 11 fyste ledd).
- c. Ved utskriving av skatt på bustadeigedomar nyttar Askvoll kommune Skatteetatens formuesgrunnlag der desse ligg føre (esktl §8 C-1).
- d. Det vert vedteke ei kontorjustering med 10% auke for eigedomar med kommunal takst for skatteåret 2026.
- e. Det vert fastsett 6 terminar for betaling av eigedomsskattesatsen etter esktl. §25. Avtalar med samla kommunale avgifter mindre enn 1200 kr, vert fakturert i ein termin for heile skatte- og avgiftsåret.
- f. Fritak for eigedomar vert gjeve for fylgjande:
 - i. Eigedomar åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten (esktl. § 7a). Sjå vedlagde liste i Framsikt.
 - ii. Eigedomar/bygningar som er formelt freda (esktl. §7b). Sjå vedlagde liste i framsikt.
 - iii. Esktl. §7c) – Nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta som bustad vert fritaken for eigedomsskatt i 1 år.
Fritak for å betale eigedomsskatt etter esktl. §7 c) gjeld berre til kommunestyret sjølv endrar eller opphev fritaka.

7. Låneopptak

- a. Askvoll kommunestyre godkjenner låneopptak lik kr. 26 290 000,- til finansiering av investeringsprosjekt i 2026 j.f kommunelova §14-15 første ledd. Avdragstida blir tilpassa bestemmelsane i kommunelova §14-18.

8. Fullmakter

- a. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansieringa av investeringar innafor vedteken ramme.
- b. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unytta driftsramme på investeringsprosjekt i 2025 og tilsvarande auke i 2026.
- c. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott fra ansvar 900 til kommunen sine einingar når lønsoppgjeret er kjent.
- d. Kommunedirektøren får fullmakt til å avgjere om stillingar som vert ledige skal lysast ut, stå vakent eller eventuelt gjerast om.
- e. Formannskapet får fullmakt til å selje og kjøpe eigedomar i tråd med det vedteke budsjettet

Endringar i driftsdelen av økonomiplanen:

Driftsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Endring i leiarstruktur i barnehagane	-300	-200	-200	-200
Kreftkoordinator	90	180	180	180
SFO, auka foreldrebetaling og SFO tilbod ved alle skular	*			
Auka ramme frå staten	-2200	-1400	-1400	-1400
Avdelingsleiar omsorgssenteret	-605	-605	-605	-605
Formannskapet / Ungdomsrådet	65	65	65	65
Politisk	-65	-65	-65	-65
Heimeteneste B/V	1900	1900	1900	1900
Skulestruktur	1300	3000 **	1700 **	0 **
Reduksjon i bassengdrift	-200	-200	-200	-200
Flytting av tenestetilbod (i tillegg til framlegg - omsorg)	-300			
Reduksjon i reinhald	-200	-200	-200	-200
Reduksjon i løn og godtgjersle (i tillegg til framlegg)			-500	-1000
Slukke gatelys	-200			
Sum tiltak (bruk og avsetning til disposisjonsfond)	-715	2475	675	-1525

Endringar i investeringsdelen av økonomiplanen:

Investeringsbudsjett	2026	2027	2028	2029
Barnehage	***			

Investeringar til soknet/tak Askvoll kyrkje	-2000	-2000	-2000
Kjøkken/garderobe Askvollheimen	-9000	9000	
IKT-elevar ny læreplan	-100	-120	-140 -160
Ventilasjon Askvollhallen	-1500	1500	
Asfaltering	-1500	1500	-1500 1500
Investering VA:			
Høgdebasseng Askvoll	-2700	-7500	

*Foreldrebetalinga for SFO aukast:

For 1. - 3. Klasse full plass skuledagane: frå 1170 kroner pr mnd til 1770 kr pr mnd

For 4. Klasse full plass skuledagane + onsdag frå 2582 kr pr mnd til 3185 kr pr mnd

SFO onsdag: 1 - 4. Klasse frå 1053 kr pr mnd til 1653 kr pr mnd

** Grunna ein teknisk feil vart tala frå skulestruktur lagt på feil år. Dette er i samråd med ordførar retta til det som var intensjonen da det vart røysta over framlegget.

***Løyving til barnehage (Røverompa) er å sjå som ei øvste ramme. Kommunestyret har forventningar om at prosjektet må gjennomførast på enklaste og billigaste måte